

Møre og Romsdal Fylkeskommune
v/kulturavdelinga post@mr fylke.no
Kopi: Sjå liste over mottakarar



Oslo, 28. mars 2022

Støtte til Forum for natur og friluftsliv -ein dugnad der alle fylkeskommunar bidreg?

Forum for natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal fekk nyleg avslag på søknad om 3-årig driftstilskott for 2022-24 frå Møre og Romsdal fylkeskommune ved kulturavdelinga. Vi har merka oss at avslaget ikkje er eit enkeltvedtak - og dette er difor ikkje ei klage.

Vi skriv for å oppmode Møre og Romsdal Fylkeskommune til å støtte FNF-arbeidet i fylket ved handsaminga av søknad om eittårig driftstilskott som FNF Møre og Romsdal snarleg vil sende - og for støtte i åra framover.

Forum for natur og friluftsliv er skipa for å fremje og styrke dei tilslutta organisasjonane sitt arbeid med natur og friluftslivsfaglege saker i alle fylka. At ein tilsett koordinator koordinerer arbeidet og løfter den faglege kompetansen i fylka, er avgjerande.

Over heile landet skaper FNF stort engasjement, FNF held kurs, driv opplæring og særleg fremjar FNF i fylka solid og etterprøva informasjon om natur- og friluftslivsinteressene i høyringar og på anna vis. FNF styrker demokratiet med betre deltaking i naturforvaltninga, og syter for større medverknad for dei som kjenner verdiane i områda. FNF informerer planmynde på kommunalt og regionalt nivå om kostnadar for natur- og friluftsliv ved planlagde tiltak, som elles ofte ikkje hadde kome fram. Slik bidreg FNF til betre kunnskapsgrunnlag for arealbruk og naturforvaltning. Dette tener natur og friluftslivinteressa, og ikkje minst dei som skal veie alle interessa mot kvarandre til slutt.

FNF sitt mandat er å vere eit samarbeidsforum for å ivareteke desse særlege omsyna. FNF bidreg til aktivitet gjennom å arbeide for at naturen som nyttast til friluftsliv fortsett finst og at det er tilgang til han, og for betre kunnskap og informasjon. Dei tilslutta friluftslivsorganisasjonane legg til rette for og arrangerer aktivitetane sjølv. FNF er strengt tatt ikkje ein paraplyorganisasjon for friluftslivsaktivitetane. FNF arbeidar med unike tilleggsaspekt. Organisasjonane kvar for seg ivaretek ikkje FNF si rolle. Og FNF si rolle overlappar ikkje med kva dei tilslutta organisasjonane mottek driftstilskot til.

Mange set pris på FNF-arbeidet. Finansieringa har kome til gjennom eit spleiselag mellom stat og fylkeskommunar. FNF mottek årleg støtte over Klima- og miljødepartement sitt budsjett, men er i tillegg heilt avhengig av tilskott frå fylkeskommunane for å oppretthalde aktivitet og bemanning i



kvart fylke. FNF i fylka bidreg kvart år til lønsbudsjettet for dei tilsette. Det er derfor berre delvis rett at FNF koordinatoren i fylket er finansiert over Statsbudsjettet.

I fjor fekk alle regionale FNF støtte frå sine respektive fylkeskommune med i snitt nær 200.000 kroner. Vi oppmodar Møre og Romsdal fylkeskommune om å ikkje å vere det einaste fylket som forlet dugnaden medan dei andre fortsett.

Fylkeskommunane rundt ikring i landet har funne ulike løysingar for å kunne støtte FNF innafor sine regelverk. Vi håper at og Møre og Romsdal Fylkeskommune kan finne ei god løysing for 2022 og dei kommande åra.

Med venleg helsing

Dag Terje Klarp Solvang
Styreleiar

Ole Lilleås
Dagleg leiar

Kopi:

Fylkeskommunaldirektør, ottar.brage.guttelvik@mrfylke.no
Fylkesplansjef, ingunn.bekken.sjaholm@mrfylke.no

Medlem av kultur- næring og folkehelseutvalet:

Line Hatmosø Hoem, Arbeidarpartiet, line.hatmoso.hoem@mrfylke.no
Hans Olav Myklebust, Framstegspartiet, hans.olav.myklebust@mrfylke.no
Roger Bach, Framstegspartiet, roger.bach@mrfylke.no
Kjersti Andersen, Høgre, kjersti.andersen@mrfylke.no
Falk Daniel Øveraas, Høgre, falk.daniel.overaas@mrfylke.no
Marit Nerås Krogsæter, Senterpartiet, marit.neras.krogsater@mrfylke.no
Henrik Stensønes, Senterpartiet, henrik.stensones@mrfylke.no
Bernt Venås, Senterpartiet, bernt.venas@mrfylke.no
Victoria Smenes, Kristeleg Folkeparti, victoria.smenes@mrfylke.no
Joakim Skaar, Miljøpartiet Dei Grøne, joakim.skaar@mrfylke.no
Elisabeth Jørgenvåg, Nordmørslista, elisabeth.jorgenvag@mrfylke.no
Britt Giske Andersen, Venstre, britt.giske.andersen@mrfylke.no
Hanne Notøy, Arbeidarpartiet, hanne.notoy@mrfylke.no